



## Årsmøteprotokoll 2022 frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 19. mars 2022 kl 1600-1800.

Blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med kulturdag på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Ingen antalsrestriksjonar i høve pandemien. Totalt 42 personar på årsmøtet kl 16, men i forkant på kulturdagen frå kl 13 var det innom om lag 150 personar. Mykje aktivitetar med kafe, tombola, åresal, kiosk, ansiktsmaling, og underhaldning med Vi-koret og Barnekantoret.

Starta med ein allsong på storskjem kl 16.

Vi hadde invitert prost Ingeborg Matre som heldt ei helsing innleiingsvis til årsmøtet. Ho hadde tatt del også på kulturdagen tidlegare på dagen. Rosa det gode arbeidet som gjerast på Hareid og gratulerte oss med kyrkjelydshus og snart nytt kyrkjekontor. Soknerådsleiarer ønska velkomen og presenterte årsmelding medan bilder frå året rulla på storskjema, og takka alle frivillige og stab som har bidrege gjennom året. Kyrkjeverja presenterte forenkla førebels rekneskap, budsjett og orienterte om ny-tilbygg for kyrkjekontor. Ferdig kl 16.45.

Mat og loddpause til inntekt for kyrkjelydshuset, før eit fint underhaldningsinnslag med Jakob Sande-program. Sigmund Aksnes las dikt på imponerende vis utan manus, med orientering frå sokneprest Lars Hartig-Tangedal om Jakob Sande sitt liv og virke. Krydra med ulike song og musikkinnslag v/Vibeke Holstad og Ingmar Mork (song), Hege Holstad (tverrfløyte) og Ida Teige (flygel).

Trekking av loddbøker og lynlodd, før vi avslutta med ein allsong på storskjem og velsigninga v/soknepresten. Ferdig kl 18.30.

### Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 **Konstituering av årsmøtet**
- 2 **Årsmelding 2021 for Hareid sokn (lå utdelt på borda)**
- 3 **Førebels rekneskap og budsjett (inkl. i årsmeldinga)**
- 4 **Orientering av tilbygg kyrkjekontor til kyrkjelydshuset**
- 5 **Avslutta med velsigning frå soknepresten**

### 1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert 2 gonger i Vikebladet, på nettsida, Kyrkjesida i lokalavisa og sosiale media i forkant av møtet. Årsmeldinga har vore utprinta og tilgjengeleg i kyrkja, på kyrkjekontoret, kyrkjelydshuset og på nettsidene til Hareid sokn sidan den var godkjent av soknerådet 15.02.2022, sak SR 08/22.

#### **Vedtak:**

*Ann Helen Grimstad Worren, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.*

*Bente Andreassen Pilskog, kyrkjeverje, vart vald til referent.*

*Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Oddrun Fjørtoft og Gunmar Grimstad valt.*

### 2 Årsmelding 2021 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar Ann Helen Grimstad Worren.

#### **Vedtak:**

Årsmeldinga 2021 for Hareid sokn vart teken til vitande.

### 3 Førebels rekneskap og budsjett

Rekneskapa er ikkje gjort ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsførar. Difor vart førebels rekneskap forenkla presentert av kyrkjeverja. Kopi av rekneskap og budsjett låg med i utprinta årsmelding på borda.

#### **Vedtak:**

Førebels rekneskap og budsjett vart teken til vitande.

#### 4 Presentasjon av tilbygg nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset

Kyrkjevevja fortalt kort om tilbygget for kyrkjekontor, fin framdrift og planlagt innflyttingsklart på slutten av 2022. Heile eksisterande kyrkjelydshus vil bli brannprosjektert i høve ny-tilbygget, og inngangsparti/gangen i 1. etg. vil bli oppgradert i prosjektet. Ser fram til å få alt under eit tak.

#### Vedtak:

Presentasjonen av tilbygg nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset vart teken til vitande.

#### 5 Avslutningsord frå soknepresten


Sokneprest Lars Hartig-Tangedal rosa frivillige og stad. Avslutta med velsigninga.

Hareid 21.03.2022

Bente Andreassen Pilskog

kyrkjevevje

referent



Oddrun Fjørtoft



Gunmar Grimstad